



Relativt romsleg på Dønhaug inatt

Dansebandet Aristocats frå Sotra og Bergen spela på Dønhaug i natt samstundes som Systrene Nilsen heldt ope og frista med Hopp i baren etter det blaute showet tidlegare på dagen. Men korleis var besøket når begge hadde ope? Konklusjonen som kan trekkjast var at det var moderat besøk begge stader. Ved midnattstider var det rundt 100 som svinga seg i låven og 50 som vitja vertshuset.

- Det er skuffande få her på bakgrunn av at bandet har spela heilt gratis under Aktivitetsdagen tidlegare i dag. Dei hadde fortent 3 eller 4 gonger så stort besøk, sa Magne Huglen til uskedalen.no. Men ein sluttar jo aldri å undra seg over lokalpublikumets prioritering.

Men det var ikkje noko å seia på stemningen. Dette bandet har ein sikker posisjon også i vårt område etter sine rundt 40 år i bransjen og denne posisjonen bekrefta det i høgaste grad i båthamna.

- Du verden for et fengjande band, var ein kommentar vi fanga opp frå ein eldre entusiast. Talet på entusiastar er betydeleg, både i form av ein fanklubb som møtte tallrikt på låven og ellers.

Bandet med Disney-namnet held nok ut nokre år til, så sprekt det det verkar. .

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Aristokattene held koken framleis